



Mjøsnes og Rolland spelar i Helgheim Foto: Ola Matti Mathisen

**Det er no klart at felespelarane Einar Mjøsnes og Frank Rolland kjem til museumsdagen på Rød neste sundag. Dei vil ha konsert i Røykstova med slåttar frå Voss, Hardanger og Kvinnherad**

Mjøsnes og Rolland er begge fylkesmusikarar og er mellom dei fremste spelemennene i landet.

Mjøsnes frå Voss vart landskjend med slåttan "Fanitullen", kjenningsmelodien på Norsktoppen i mange år.

Han har utmerka seg med ei rekkje CD innspelningar, fekk Griegprisen i 1993, Osaprisen i 1997 og han vart Spelemannsvinnar i 2006.

Frank Rolland frå Ulvik, busett på Utne, har lang erfaring frå konsertverksemd, kappleikar og som pedagog. Han vart nominert til Spelemannsprisen i år 2000 med CD-en Håstadbøslåttar.

Begge spelemennene er i dag engasjert i arbeidet med Folkemusikkveko 2012 som skal vera i Kvinnherad i oktober.

Dei heldspelemannskurs og skal alt tysdag 28. august halda fram med kurs, også i ensemblespel. Kursa deira er lagt til Helgheim.

No kan alle med interesse for folkemusikk høyra dei på Bygdetunet Rød sundag 19. august